

Kyrkje klokka

Nr 1 - 2024

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

88. årgang

Jubileums Gudsteneste
28. Juli 2024

Festmiddag på Innvik
Fjordhotell

Dugnad 24. og 27. April

Velkommen!



Innvik kyrkje 200 år



Bibel og mobil



Andreas Kråkenes

Eg sit i godstolen klar for dag 34 og ei stund med Gud og Bibelen. Eg fiskar fram den firkanta klossen eg har i lomma for det er her eg har leseplanen min. Til no har det gått overraskande greitt å lese bibel på mobilen. Eg kjenner meg motivert, og til og med spent på kva Gud vil fortelje meg i dag. Skjermen lyser opp og eg ser bibelappen lyser mot meg, men fingeren min landar på ein annan app (instagram). Eg skal berre sjå innom tenkjer eg..... SÅ GJEKK TIDA!

Eg veit ikkje korleis det er med deg, men eg finn meg sjølv ofte i situasjonar (kanskje spesielt med mobil) der eg ikkje forstår kvar tida vart av. Har eg verkeleg brukt så mykje tid på denne skrollinga? Eg sette meg då nettopp ned! Oftast blir eg irritert på meg sjølv fordi eg føler eg sløsar vekk tid eg hadde gode planar for. Korleis tar eg fatt på denne utfordringa?

Vi er no inne i det som kallast fastetida i kyrkjeåret. Askeonsdag (14. feb) markerte starten på fasta. Ei



tid på 40 dagar utanom søndagane der vi kan rette fokuset vårt på Gud, og det han har gjort for deg og meg. Hensikta er ikkje at vi skal plage oss sjølv med å holde oss vekke frå diverse, men at vi ved å faste frå noko kan gje Gud ekstra rom der han kan virke i oss.
Jesus seier at fokuset i fasta er mellom deg og Gud.

Når de fastar, skal de ikkje gå med dyster mine som hyklarane; dei gjer seg til så folk skal sjå at dei fastar. Sanneleg, eg seier dykk; Dei har alt fått si lønn. Men når du fastar, skal du salva hovudet og vaska andletet, så ingen ser at du fastar, utan Far din som er i det løynde. Og Far din, som ser i det løynde, han skal løna deg. Matteus 6:16-18

I min kvardag, som liknar meir på eit skiskyttarrenn enn ei 5- mil, trur eg ei faste er midt i blinken! Om du ønskjer å gi rom for ei faste denne tida eller vil prøve ved eit anna høve er du velkommen til å vere med. Det står meir om kva fasta er på kyrkja sine nettsider. Eg kjem

denne fasta til å gjere eit forsøk på ei tilpassa digital faste kor eg ikkje skal gå inn på det som kallast «REALS». Korte videosuttar som stel mi tid. Desse småsnuttane finn eg i appar som snapchat, facebook og instagram, youtube, og er appar eg brukar mykje i min kvardag. Kor lenge du vel å faste og frå kva, er jo opp til deg, men først og fremst handlar det om å øve seg på å skjerpe sansane og rette merksemda vår til Gud og våre medmenneske.

Set difor all dykker iver inn på å la trua gå i følgje med eit rett liv, og det rettelivet med innsikt, innsikta med måtehald, måtehaldet med tolmod, tolmodet med guds frykt, guds frykta med syskenkjærleik og syskenkjærleiken med kjærleik til alle. 2. Petersbrev 1:5-7

God fastetid til alle!

Kyrkjeklokka

Redaktør for dette nummeret: Geir-Ståle Vatnamo

Nytt frå redaksjonen

John Selmer Skiftesvik sluttar som forretningsførar i Kyrkjeklokka, etter over 30 år. Han har vore pensjonist i fleire år, og finn det no naturleg å slutte.

Også styreleiar for Kyrkjeklokka Bladlag, Knut Gald, vil gje seg etter årsmøtet.

Styret takkar dei begge for innsatsen gjennom mange år.

Redaktørane Jarle Hessevik og Geir-Ståle Vatnamo held fram som før.

Hugs å betale for Kyrkjeklokka

Bladet slit med økonomien. Bladet sin eigenkapital er langt på veg brukt opp og frivillig innbetaling av bladpengar dekkjer på langt nær dei faste utgiftene. Det blir difor nødvendig med ein grundig gjennomgang av drifta av bladet, inntekter og utgifter, dersom vi skal makte å halde bladet i drift - og det meiner vi er eit heilt vesentleg bidrag til eit godt kyrkjelydsarbeid i Indre Nordfjord. Trykking og distribusjon er dei største utgiftene.

Vi takkar hjarteleg for di
innbetaling av bladpengar
Kontonr 0538 18 51054

Nytt av året: Distribusjon på dugnad

No på nyåret har representantar frå sokneråda og styret i Kyrkjeklokka Bladlag hatt møte. Der blei det full semje om at vi frå neste nummer skal prøve å dele ut bladet på dugnad i kvart sokn. Då sparar vi om lag 60.000 kroner i året. Kyrkjeklokka kjem ut fire gonger: til påske, sommaren, oktober og til jul!

Kyrkjeklokka skal prøve å gjenspegle det som skjer i sokna. Derfor er vi redaktørar veldig takksame for alle bilete og artiklar som kjem inn. Dersom det er personar/eldsjeler som bør intervjuast, må de gjerne melde frå til redaksjonen.



kyrkjeklokka



kyrkja i indre nordfjord



stryn.kyrkja.no

Kyrkja i Indre Nordfjord



Stryn kyrkjekontor

Tlf 57 87 61 80

Rognhaugen 11, 6783 Stryn

kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

må, (ty 10:00-), on, to, fre 09:00 - 15:00

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri
Mobil 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl
Sekretær Anne L. Honningsvåg

Oppstryn - Loen - Nedstryn

Mobil 916 01 630

sokneprest Henny Koppen

henny.koppen@stryn.kommune.no

Randabygd - Nordsida

Mobil 413 75 495

sokneprest Hege Høibye

hege.hoibye@stryn.kommune.no

Utvik

Mobil 986 54 244

vikarprest Beate Nes

beate.nes@stryn.kommune.no

Innvik - Olden

Mobil 404 73 335

vikarprest Kaare Michael Christoffersen
kaare.michael.christoffersen@stryn.kommune.no

Trusopplæring

Kateket Beate Nes

986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

Volda kyrkjekontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kyrkjeverje Jostein Stråbø

mobil 916 63 549

kyrkjeverja@volda.kyrkja.no

Må, ty, (on 10:30-), to, fre kl. 10:00 - 14:00

Hornindal

mobil 957 69 292

sokneprest Per Kristian Hovden Sætre
per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

Askeonsdag i Olden kyrkje 12. februar

Av Arild Hafsås



Bildet fra venstre Henny Koppen, Kjellaug Molnes (medliturg), Hege Høibye, Knut Gjengedal.

Det er nok heller sjeldan at askeonsdag er blitt markert i Olden kyrkje. I allefall i nyare tid.

Når den no i år vart markert den 12 februar, var det ein staselig kveld i kyrkja. Det var heile tre prestar på plass denne kvelden. Askeonsdag markerer starten på fasta. Den varer til påskeafta. Dei som ville kunne få eit kors av aske teikna i panna.

Lysmesse i Olden kyrkje

Av Arild Hafsås

Søndag 10. desember var det lysmesse i Olden kyrkje, der konfirmantar frå Loen, Olden, Innvik og Utvik deltok.

Kvelden starta ved at konfirmantane kom opp midtgangen i prosesjon med tente lys.

Det vart lese tekster og tent lys for ulike tankar konfirmantane sit med. Som fred i vår verd. At vi alle skal ha gode dagar, eller vi kan gjere dagen god for ein kvan. I dei tente lys ligg håp og tru.

Ein stemningsfull kveld som vart leia av kateket Beate Nes og kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes.





Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Salmesong på puben – kva er det slags kombinasjon?

Eg er på veg heim frå Stiftsmøte i Bergen. Turen tek tid, det er rushtid ut frå byen, og i tillegg er føret veldig därleg. Plutseleg står ein bil fast i ein liten bakke. Vi ventar. Eg er passasjer i ein bil med fleire prestar og samtalens kjem inn på det vi var med på kvelden før: Salmesong på Madam Felle, ein pub i Bergen by.

Vi var på stiftsmøte, tilsette i kyrkja i Bjørgvin, 500 menneske i alt, dei fleste velkjende med salmesong, dei færraste velkjende med puben. Det vart fullt hus på Madam Felle om kvelden. På scena hadde vi pianist, gitaristar, trommis, konferansier og forsongar. I salen sat og sto eit par hundre menneske med kvar sitt ark der 20 salmetekstar hadde fått plass, alle henta frå Norsk salmebok 2013. Og eg skal seie det vart song. Her vart det kyrkjeLYD! På gata utanfor stoppa folk opp og såg forundra inn gjennom vindauge. Kva tenkte dei? Kanskje dette: Mariakyrkja ligg rett her borte, kvi-for sit det folk og syng salmar på puben?

Og det spørsmålet var i så fall heilt relevant. Før eg svarar på det må eg seie litt om utbreiing av dette fenomenet her til lands. For det er nemleg ikkje berre på Madam Felle dei syng salmar. Ved å google litt finn eg begeistra reportasjar frå Oslo, frå Fredrikstad, Gjøvik, Sandnes og Sarpsborg. Nokre stader er det inngangsbillettar, mellom 250 og 475 kr så langt eg såg, og over alt er det fulle hus, ikkje ein billett meir å oppdrive når kvelden kjem.

Sang og musikk er en unik aktivitet som har betydning for hele mennesket; på et fysisk, et kognitivt, et sosialt, et emosjonelt og psykologisk plan, og i forhold til mening og sammenheng i livet. Tilsammen kan både musikkens og sangens positive effekter bidra til et bedre liv i betydningen av bedre trivsel, økt livskvalitet, bedre helse eller økt velvære.

Kari Bjerke Batt-Rawden (sosiolog)



Kvífor på puben altså? Ein av musikarane som starta dette heiter Lewi Bergrud, og han seier det slik: «Salmer på pøbb er veldig lavterskel og uformelt. Av de som kommer, finnes folk som sier at de ikke har vært på gudstjeneste på 20 år». Og vidare seier han: «– Pubben, som kirken, er et sted mange går til for å finne fellesskap, finne trøst, ha det bra og snakke sammen. Ordet «pub» kommer jo fra «public house», altså et samlingssted. Når vi spiller salmer på utesitter og forener kirkegjengere og kirkefremmede, kan man samtidig ta noe av brodden fra forestillinger om at kristne er trauste og moraliseringe. – Jeg kan få meldinger i etterkant hvor det står noe sånt som: «Du, nå kjenner jeg at det begynner å spire og gro litt i trua mi igjen», eller høre om folk som kommer til tro for første gang».

Der fekk vi forklaringa altså. Her handlar det om å inkludere og skape nytt liv. Det vi veit om song, er at det er helsebringande, det styrker både kropp og sjel å delta i song. Når vi syng blir det frigjort endorfinar, såkalla lykkehormon, som gjer at stemninga stig og glede boblar fram. Når vi i tillegg syng salmar kjem også den åndelege dimensjonen inn i bildet. Vi vender oss til Gud og legg takk og bøner fram for han, i glede.

Passar dette i Stryn? Det står att å sjå, men viljen til å gjere eit forsøk, er der. Vi har mange kor i området, og vi har gode musikarar som gjerne er med på dette. Vi har pubar og vi har salmar som «alle» kan. Alt skulle såleis ligge til rette. Og merk, det handlar ikkje om skjønnsang eller såkalla songstemme, men om å bruke den stemma ein har, og bruke den i eit fellesskap. Fylg med, kom og syng når sjansen byr seg. Salmesong på puben, altså.



DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverja

Kari Synnøve Muri

VÅREN NÆRMAR SEG



(Foto: Geir-Ståle Vatnamo)

Det nærmar seg tida då vi begynner å rydde og stelle utandørs, og vi ynskjer at gravplassane er velstelte og gjev ro og harmoni til dei som søker dit.

Her kjem nokre påminningar til dykk som steller graver:

- Pyntinga skal haldast innafor plantefeltet, og gjenstander må festast slik at dei held seg på plass.
- Vannpostane blir tilkobla innan 1. mai – med etterhald om nattefrost.
- Det er lagt til rette for kjeldesortering med eigne kompostbingar på gravplassane i Nedstryn, Loen, Utvik og Nordsi-da. Vi oppmodar til god sortering. Planteavfall (og berre det!) skal i kompostbingen, resten er restavfall.
- Førebels har vi ikkje ei ordning for sortering av spesialavfall. Batteri må ein difor ta med heim og kaste.
- Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål eller noko å melde frå om.

Helsing kyrkjeverja

Innvik kyrkje 200 år

Av Geir-Ståle Vatnamo



Søndag 28. juli 2024 inviterer Innvik sokneråd til jubileumsgudstjeneste. Då skal det feirast at det er 200 år sidan Innvik kyrkje vart vigsla.

I gamle skrifter (sitat frå jubileumsheftet i 1999) står det: «Aar 1824 den 28. Juli blev Kirken ved Høyvelbaerne og Høyværdige Hr. Biskop Neuman Høytidelig indviet til et Offentlig Gudsdyrkelsens Huus». Innvik kyrkje er søsterkyrkje til Loen kyrkje (frå 1838). Innvik kyrkje er ei flott åttekanta kyrkje, bygd av tømmer henta frå kyrkja sine

eigne skogeigedomar. Kyrkja har eit særslig flott interiør med varme fargar. Det er interessant å lese i gamle kyrkjebøker om historia og alle fornyingane som er gjort. Vi siterer Dag Vanberg frå jubileums-skriftet frå 1999: «Om vinteren kunne det jamt vere hutre å benkje seg i kyrkja, ja, stundom kunne det beint fram vere bitande kaldt. Særleg måtte det vere ille og utriakeleg for forfrosne nordsidalar som jammen hadde tidsnok med å halde heten over fjorden i kalde og ufyselege vinterdagar. Det er ikkje tvil om at det i dobbel tyding var-

ma kyrkjelyden då det i samband med ombygging i 1900 vart sett inn vedomnar». Vedfyring vart etter kvart både tungvint og upraktisk. Først i 1961 blei det installert elektrisk oppvarming.

Vi må og ta med eit sitat til frå 1999 som fortel kor mykle innvikkarane bryr seg om kyrkja. ««Nye benkjer»: 17. mai 1993 vart dei nyrestaurerte kyrkjebenkane tekne i bruk. Omarbeidinga av benkane vart gjort av Fjordtre Produkter A/S. Dei nye putene vart leverte av Innvik Ullvare A/S. Til saman kosta restaureringa kr 228.962. Dette var mykle pengar, men ved hjelp av innsamla midlar og takka vere ei testamentarisk gavé frå Anna H. Skåden, gjekk det heile greitt».

Her er mykle bra historie i ei gammal kyrkje på 200 år. Det er av og til naudsynt med fornying og vedlikehald. For nokre få år tilbake blei det lagt heilt nytt tak på grunn av råteskader. Elles er barnesakristiet pussa opp, og har fått nytt golv og kjøken. Kvar einaste vår kjem det mykle folk på dugnaden. Det er viktig med eit velstelt uteområde og vask og stell av inventar! Det fortener ein 200 åring! Tidspunkt for dugnad i vår: 24. og 27. april.

Frå redaktørstabben: Vi gratulerer med jubileet!

Til publikum: Husk å setje av jubileumssøndagen 28. juli.



Frå kortrappa i Innvik Kyrkje.

INNLEIAR BISPEVISITAS MED SALMEKVELD I HORNINDAL KYRKJE

Av Harald Vartdal



Hornindal sokneråd inviterer til salmekveld 19. april. Frå venstre Silje Hjellbakk Hole, Per Kristian Hovden Sætre, Anne Honningsvåg, Anne Birthe Hofseth, Elsa Aslaug Ommedal, Marit Solvik, Patricia Sofie Ekblom, Aud Kobberstad.

Biskop Ingeborg Midttømme kjem på visitas til Volda prestegjeld 19.-28. april. Programmet startar med salmekveld i Hornindal kyrkje.

-Vi vonar mange songglade møter opp fredag 19. april. Her er alle velkomne, understrekar soknereådsleiar Silje Hjellbakk Hole.

Hornindal har lange og sterke tradisjonar når det gjeld song og musikk. Som del av bispevisitasen passar det såleis der kyrkjelyden og inviterte songarar kan framføre kjende og kjære salmar, akkompagnert av topp musikarar.

-Vi vil opne for at folk på førehand kan kome med forslag på kva salmar dei ønskjer å syng. Dette blir veldig kjekt og fin start på bispevisitasen, seier sokneprest Per Kristian Hovden Sætre.

PÅSKEGUDSTENESTE PÅ BRUASETRA

Av Harald Vartdal



Nær hundre personar deltok i fjar på den årlege påskegudstenesta i Grendadalen.

Skjærtorsdag-gudstenesta på Bruasetra i Hornindal blir i år arrangert for 44. gong.

Friluftsgudstenesta skriv seg attende til 1979. Med unntak av to år har dette vore ein fast påsketradisjon i Hornindal. Siste åra med auka oppslutning frå bygdefolk, tilreisande og folk som har hytter/fritidshustader i Grendadalen.

Stemnestaden på Bruasetra ligg ca 1 km frå den store parkeringsplassen til Hornindal Skisenter.

VIL DU BLI MEDLEM I DEN NORSKE KYRKJA?

Av Henny Koppen



Lesarar av kyrkjeklokka har etterlyst informasjon om korleis ein går fram for å bli medlem av den norske kyrkja, og her kjem informasjon om dette.

KORLEIS GÅR EIN FRAM?

Nøkkelen her er «Mi side» på medlemsregisteret til den norske kyrkja. Den finn du her: <https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/minside/>. Ein loggar seg inn gjennom den såkalla ID-porten, til dømes med BankID.

Der vil det gå fram om du er medlem eller ikkje, og så får du nokre val.

Det kan vere at du ikkje er døypt, då får du informasjon om korleis du går fram for å bli det. Inngangen til medlemsskap i kyrkja er dåp, og viss du er døypt, men sidan utmeld, blir du ikkje døypt på nytt. Om du ikkje er døypt

går vegen om lokal prest eller kyrkjekontor for å be om dåp. Ein kan eventuelt møte fram der det er drop-in dåp, noko som det blir invitert til no og då.

Dersom du er døypt, men ikkje medlem av den norske kyrkja, kan du enkelt melde deg inn gjennom denne nettsida. Det kan vere at du er medlem i eit anna kyrkjesamfunn, og at du er døypt der. I så fall må du melde deg ut av det samfunnet du hører til før du kan melde deg inn hos oss.

Så kan det vere at du har meldt deg ut av kyrkja på eitt tidlegare tidspunkt, men at føresetnaden for utmeldinga den gongen ikkje gjeld lenger. Då melder du deg ganske enkelt inn igjen gjennom denne nettsida.

OM DÅP OG MEDLEMSSKAP OG TRUSOPPLÆRING

Av Henny Koppen

Det er dåpen som er kriteriet for å bli medlem i Den norske kyrkja. Medlemmer får kyrklelege handlingar gratis, og borna får tilbod om trusopplæring.

BARNET SKAL FÅ VELJE SJØLV

Ein del foreldre, også medlemmer i kyrkja vel å ikkje døype borna sine som små, sidan dei skal få velje dette sjølv når dei blir større. For at desse skal få tilgang til trusopplæringa kan dei melde seg på ei ordning slik at borna blir inviterte saman med dei døypte når det går føre seg noko i kyrkja som gjeld deira aldersgruppe. Også denne påmeldinga finst på «Mi side», eller ein kan ta kontakt med kyrkjekontoret direkte. Borna kan delta i aktivitetar i kyrkja uansett medlemsskap, men dersom kyrkja ikkje veit om dei, er det tilfeldig om dei får vite om tiltaka. Vi oppfordrar foreldre til å melde dei på, så kan borna bli døypte når og viss dei vil, ein gong i framtida.

Mi side: <https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/minside/> Ein loggar seg inn gjennom den såkalla ID-porten, til dømes med BankID.



50-årsjubileum Nordsida kyrkje

Tekst: Bernt Ragnvald Veddegjerde



Den 9. og 10 desember 2023 vart Nordsida kyrkje 50 år. Det var 50 velfylde år som vart gitt liv til og feira gjennom desse to flotte dagane på slutten av fjaråret. Mange kom for å ta del i feiringa, forventningane var store, og det var verkeleg blitt jobba godt med detaljane. Lite skulle vere tilfeldig når ei så viktig hending skulle bli markert. Tilbakemeldinga var meir enn positive, og festkomitéen med soknerådet og hjelparar traff blink like godt som visse skiskytarar frå Stryn nett gjorde i VM.



Programleiarane Ingvild Sætren og Bernt Ragnvald Veddegjerde.
(Foto Hege Heggheim Ulvedal)

Det hadde akkurat blitt lagt nytt teppe i kyrkjerommet og nytt golv i sidesalen. I tillegg hadde tilsette ved uteseksjonen i kyrkja ved kyrkjeverje Kari Synnøve Muri gjort gode prioriteringar og lagt ned ein stor innsats med å gjere fasaden og dei indre romma meir presentable. Slik oppussing må vel også til når kyrkja har husa mange aktivitetar og folk opp gjennom tidene. Det er eit imponerande arbeid som er lagt ned dei første 50 åra, for det var eit etterlengta bygg som stod klart den gongen i 1973. Eit hefte med byggjeprosessen vart skrive til 30 -årsjubileet, og vidareført med tillegg om aktivitetane og kyrkjekunst og kyrkjeteckstilar 20 år etter. Komitéen ved Gunnhild Bergset skal vere stolte av dette «heftande» arbeidet, som slett ikkje var eit heft - i ettertid, skal vi tru utsegn frå vedkomande.

Laurdag var det festkonsert med ulike aktørar med lokale tilknytingar, etterfylgd av feiring med jubileumskake. Søndag var det jubileumsgudsteneste med mange ulike innslag. Dei inviterte gjestane var mellom andre prost og

prest og representant frå tidlegare prest, kateketar, klokkar, medlem i det første soknerådet, organist, Oddvar Bergset (som faktisk er organist 50 år etter også!), leiar i byggjenemnda, og dåpsbarna i tillegg til konfirmantane som vart konfirmerte påfylgjande vår. Så var kommunen invitert, tidlegare og noverande kyrkjeverje og andre noverande tilsette, utsendingar frå andre sokneråd, fellesrådsleiar med fleire. Det låg an til ei storstilt hending. Og det vart det.

Jubileumsgudstenesten vart innleia av prost Mari Saltkjel og vidare halden av prest Hege Høiby, prest Gunn-Jorun Roset Sunde og kateket Beate Nes. Temaet var «I Gud sitt hus er det mange rom», der vi skal stole på at det er Gud som bestemmer. I kyrkja skal vi ikkje stresse, for «rom» tyder at det er ein kvileplass for å kome saman og få oppleve Gud og stresse ned.

Dei inviterte med fleire gjekk i prosesjon. Gunnhild Bergset presenterte dåpsbarna saman med konfirmantane. Dei fekk utdelt det nyskrive heftet og fekk med seg



Namn på konfirmantar og dåpsbarn: Utdelar Gunnhild Bergset ved mikrofonen. Konfirmantane frå venstre: Rune Roset, Eivind Steinsåker, Åshild Ulvedal Bøe og Steinar Fjellkårstad. (Ikkje tilstades Bjarne Sollid, Jan-Kåre Berglid, Laila Irene Støve). Dåpsbarna frå høgre: Hilde Sølv Gald Nordberg, Anne Berit Støyva, Ingvild Sætren, Dagny Britt Frøyen

gode ord på vegen. Nordsida barnegospel med nokre mødre song «Vintersong» av Sigrid Moldestad. Det gjekk rett i hjartet på dei som var til stades. Det er ein song om tvil og tru når ting i verda ikkje er så godt som vi ynskjer at det skal vere. Og det er det rom for i Gud sitt hus.

Middag med dessert etter gudstenesten var ei god avslutning på ei helg som ein seint vil gløyme. Det vart fleire helsingar frå mellom andre tidlegare tilsette og prest, og det var gode og velformulerte ord frå folk som verkeleg hadde noko på hjartet. Det er vanskeleg å framheve nokon, men kjærleiken til Nordsida kyrkje og staden skein godt gjennom då ein av dei mest avhaldne prestane på Nordsida, Ole Amund Gillebo talte. Det var knystande stille, og vi kunne godt forstå at når han snakka så høyrdet ein godt etter, for talegåva hadde han verkeleg enno.

Laurdag var det konsert med ulike lokale aktørar.

Blakset Hornmusikk vart eit sjølv sagt innslag, sidan dei har vore med i ulike samanhengar i kyrkja gjennom mange tiår.

Bernt Ragnvald Veddegerde song to songar med Anders Viktor Kvile som akkompagnatør.

Frostskoddekoret har vore med i ulike samanhengar i Nordsida kyrkje gjennom 40 år. Det har sanneleg vore ei glede å ha dei med i 80 % av jubilanten sitt virke. Denne gongen var det ikkje noko unntak. Dei framførte mange flotte songar julesongar i to avdelingar.



Frostskoddekoret.
(Foto Hege Heggheim Ulvedal)

Emma Nygaard Sætren var eit sjølv sagt innslag også som komitéen ynskte å ha med. Ho har med ulike mellomrom hatt flotte opptrerdenar i Nordsida kyrkja frå ho var bra ung.

Endre Berglid frå Fjelli er eit relativt ukjend blad for mange, men kvaliteten på det han framfører er god



Ole Amund Gillebo. (foto Ingvild Sætren)

og gjennomtenkt.

Bandet «Glasklar», som for høvet ikkje var klar over namnet sitt, består av Ingrid Heieren Sølvberg på fele, Elling Sølvberg på kontrabass og Liv Jorun Bergset på glas. Glasspel er noko spesielt, kjenslevart som det er. Og i harmonien bringar det fram kjensler hos tilhøyrarane, som fekk høre to melodiske salmar.

Sight Sing, Ten Sing-koret i Stryn var vi også så heldige å få vitjing av på denne store kvelden. Flotte jentestemmer som skin når dei syng. Det er alltid godt å sjå. Dei framførte to songar.

Programleiarane og 50-åringane Ingvild Sætren og Bernt Ragnvald Veddegerde heldt orden på innslaga med ulike anekdoter og humørfulde introduksjonar. Ingvild var sjølv sagt eitt av dåpsbarna i romjula for 50 år sidan også.

Gunn-Jorun Roset Sunde heldt ei andakt/ appell, der ho med humor og alvor fekk synleggjort kva Nordsida kyrkje har betydd for henne og lokalsamfunnet dei første femti leveåra. Ho er utdanna prest og knytte trådar rundt det kyrkjelege og frå oppveksten med kyrkja berre få meter frå der ho vaks opp. I høvet var ho også ein 1973-modell.

Innvik Fjordhotell Misjonsheimen 50 år

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo. Foto: arkivfoto



I år er det 50 år sidan Gunnvor Skaaheim og Oddny Skarstein opna dørene for drift på Misjonsheimen. Dette må vi feire med jubileum. Hovudfeiringa blir 2. påskedag, det vil seie 1. april, akkurat på dagen 50 år etter at dei opna. Seinare i år skal vi ha nokre fleire jubileumsmarkerings.

Kortversjonen av historia er slik: Det var ikkje bedehus i Innvik, og misjonsfolket hadde samla inn pengar til dette formålet. Hausten 1973 fekk Innvik Indremisjon kjøpe tidlegare Innvik Pensjonat, som var konkurs. Styret gjekk til banken og baud 150.000,- kroner, men dei måtte betale 166.000,-. Rikvald Skaaheim var på den tida sokneprest i Innvik, og formann i Innvik Indremisjon.

Det var altså kona hans, Gunnvor, som saman med Oddny Skarstein starta opp drifta. Dei hadde nokre få rom til utleige i 2. og 3. etasje, kjøkken, matsal og stove i 1. etasje. Etter kvart vart dette for lite, og i

1979 var 1. byggesteg ferdig. På den tid var Tor Holm sokneprest, og han blei ein pådrivar for å få til bygget.

2. byggesteg vart ferdig og teke i bruk hausten 1991. I mellomtida vart det utført mykje dugnad og dei var avhengige av gaver. Økonomien var ganske skral.

Dei seinare åra har mykje av hotellet blitt pussa opp og vedlikehalde. I 2007 vart uteområdet utvida og fornva.

Om sommaren fyllest hotellet opp med turistar frå alle verdens land. Dette er hovudinntektskjelda.

Vår og haust er det mange arrangement. Nokre står staben på hotellet ansvarleg for. Andre organisasjoner som leiger hotellet har ansvaret for programmet sjølve, men får rom og mat på hotellet. Innvik fjordhotell er eit av dei siste misjonshotella i landet. Ein del av helgearrangementa er det ulike

kristne organisasjonar eller kyrkjesamfunn som står bak. Nokre organisasjonar kjem att med ei fast helg kvart år.

Møtesalen og matsalen er flittig brukt av bygdefolket. Mange arrangement som barnedåp, konfirmasjonar, bryllaup, konfirmantjubileum og gravferd held ofte fram på hotellet etter at dei har vore i kyrkja. På den måten kan ein seie at kyrkja og hotellet har gjensidig nytte av og utfyller kvarandre.

Dei siste åra har catering-delen auka. Hotellet legg vekt på vanleg norsk tradisjonsmat, og får mange gode tilbakemeldingar på det.

Ein del mindre lokale lag og organisasjonar, og bedriftene i bygda, brukar hotellet til møte, kurs, årsmøte, måltid eller til overnatting for sine gjester.

Som misjonshotell er det viktig at den kristne profilen ligg i botnen for alt vi gjer. Vi ønskjer at hotellet skal vere «ein heim på reisa», der gjestene kan kjenne seg sett og verdsett, uansett kven dei er.

I samband med jubileet blir det gitt ut eit jubileumshefte, som interesserte kan kjøpe. Velkomne til jubileumsfeiring!



Julekonsert i Oppstryn kyrkje

Av Olaug Mork



f.v.Ketil Rasmussen, Johan Olav Nyberg, Anders Viktor Kvile, Malene Haugen og Linda Gytri.

Om det no lid mot vår vil vi gi eit lite tilbakeblikk mot førjulstida der konserter gir lys og varme i mørketida. Det er lett for soknerådet å invitere til julekonsert når dei ulike aktørene er så positive ved forespørsel til å kome å spele og synge. I Stryn musikklag er der dyktige solistar som Johan Olav Nyberg som spelte I wonder as I wander på baryton ilag med Anders Viktor Kvile på kyrkeorgel. Og Andre Gjørven var vokalist på Jul, jul, strålende jul medan musikklaget spelte til. Stryn blandakor og visegruppa Ingvild Berge og John Eirik Greidung gav oss fin song. Kyrre Nordnæs-Enerhaug og Anders Viktor Kvile fekk etter konserten i fjor ein idé om at det ville vore artigt å lage til eit arrangement som musikklaget kunne spele ilag med dei i år. Så tenkt så gjort så i år stod Kyrre nervøs som om det var KORK han skulle synge med som han sa. Vakkert vart dette stundet å høre på då han song «Jul'kortet» .

Den nye julesongen «Draumar om fred» som Linda Gytri har skreve teksten på og Anders Viktor Kvile

har laga melodien til framførte gruppa Kvilepuls. Solist var Malene Haugen som song så mjukt og vakkert. Elles i gruppa var Jan Nygård og Ketil Rasmussen. Kvelden vart avslutta

med «Å kom nå med lovsang» der song og musikk av 150 personar vart mektig og sterkt under god takhøgde. TUSEN TAKK til alle aktørane og til deg som kom og høyrd på.

«Draumar om fred»

Når ei mor set seg ned framfor ovnen
når ein far kjem inn døra med ved
Når ein bror køyrer langt over fjellet
og sjølv katten let myser i fred
Då kjenner eg jula ho kviler
då kjenner eg det som skal ta oss med
til draumar om fred her på jorda
og ei evig von om det.

Når eit barn ut i verda blir såra
når ein heim brått blir oppløyst i krig
Når vi vaksne har sluttat å bry oss
og dei minste får svi for vår splid
Då kjenner eg jula ho smerter
då kjenner eg håpet er vanskleg å sjå
Men draumar om fred her på jorda
må vi alltid halde på.

Kan vi alle trå til for kvarandre?
Kan vi alle gje hjerter med fred?
Kan vi bøye oss saman i krigsstorm?
Kan vi hjelpe dei minste i le?
Då trur eg at jula ho samlar
oss alle til det denne tida skal gje
til draumar om fred her på jorda
ja ei evig von om det.

Første karnevalsgudsteneste i Innvik

Av Geir-Ståle Vatnamo



Tårnagentane: F.v.: Mikaela Gangeskar Tvendeseter, Eirik Lauvrek, Markus Aaning Verlo og Ådne Lyslo Søndenå



Organist Galya



Beate opnar skattekista

Innvik kyrkje blir 200 år i sommar, men det er første gong i historia at ein feirar karnevalsgudsteneste saman med borna og kyrkjelyden. ’

Gudstenesta starta som vanleg med preludium frå organisten, og frå våpenhuset kom det ein sirkusliknande prosesjon der kateket Beate Nes var utkledd som rev. Sokneprest Knut Gjengedal hadde utstyrt seg med kongekrone, medan borna var kledd i fargesprakande kostymer.

Beate Nes opna «ballet» med å ta fram skattekista. Då ho spurde kva vi trudde som kunne vere innhaldet, kom dei minste fram og ville sjå! Der fann dei to ting: 1) Eit førstehjelppskrin frå Røde Kors, og 2) eit stort raudt hjarte, sydd som ei pute. Det blei ein god dialog mellom borna og Beate: Førstehjelppskrinet skulle symbolisere hjelp og omsorg. Det raude hjartet symboliserte kjærleik, frå Gud til menneske og kjærleiken til kvarandre.

Då vi i preiketeksten fekk høyre fortellinga om den barmhjertige samaritan, frå Luk. 10,25-37, forstod vi fort symbolikken i skattekista. Den sjuke mannen som blei liggande i veggrøfta trøng helsebringande hjelp. Men han blei oversett av dei to første som gjekk forbi. Den tredje personen som kom forbi, ein samaritan, viste han omsorg, hjelp og nestekjærleik. Dette er ein bodskap vi kan ta med oss i kvardagen. For det er viktig å bli sett, høyrt og respektert.

Tårnagentar & karnevalgudsteneste

Av Andreas Kråkenes

Vi har i februar fått arrangere tårnagentar i Randabygd, Innvik og Nedstryn kyrkje. Fleire 3 klassingar har fått være med på å utforske kyrkjebygget, løyse ulike mysterium, ete pizzabollar og godis.

Borna skulle igjennom 6 oppdrag. Det første oppdraget er kalla ESCAPE ROOM. Her får borna ein koffert med kodelås som dei igjennom ulike oppgåver må finne tala til og setje inn rett kombinasjon for å opne låsen. Det er alltid spennande med å finne ut kva som er inne i kofferten.

Eit anna oppdrag under tårnagent er å få klatre opp i kyrketårnet å sjå på utsikta og klokkene som heng der. Dette er sjølv sagt veldig stas og spennande.

Tårnagentane var i år også med å forberede karnevalgudsteneste som vart arrangert i fleire av kyrkjene våre. Nordsida, Nedstryn og Innvik kyrkje.

I Nedstryn var borna veldig engasjert i drama og turning i midtgangen, og fleire av borna var med å pynte og forberede med både ballongar og pinjata i dei andre kyrkjene. I tillegg såg vi masse forskjellige kostymar på både stor og liten.

Vi takkar for fine gudstenester og gir organisten i Innvik Galya en «shout out» for størst og flottasthatt!



Prest Knut Gjengedal i full fart under karnevalgudsteneste



Kateket Beate klare for karnevalgudsteneste i Innvik kyrkje



Tårnagenter høgt oppe i kyrketårnet



Full fart med å løyse forskjellige oppdrag!



Det å beskrive hva det gjør med meg når jeg hører ordene i Nordnorsk julesalme og hva jeg kjenner på når jeg hører på denne salmen, er litt vanskelig fordi den rommer så mye.

For å starte med begynnelsen. Mamma, Berit Pettersen, er født og oppvokst på Faleide i Nordfjord. Pappa og mamma møttes første gang i Sykkylven ca 1955, og i 1968 kjøpte de gården av bestefar og bestemor på Unstad i Lofoten. Pappa, Eilif Pettersen, vokste opp her og sammen bygde de nytt fjøs og hus og la grunnlaget for vår lille familie på fire.

Når jeg hører ordene i teksten så ser jeg for meg gården vår, der vi hadde ca 60 geiter, 20-30 sau og litt ungdyr. Det var mye arbeid, og vi barna var med i arbeidet omrent fra vi kunne gå. Det å vokse opp på gård var noe jeg elsket. Det var tungt arbeid og det var ikke flust med penger, men vi hadde alltid det vi trengte.

Teksten i salmen står det at "Vi e hardhausa vi som du" og det er sant, vi har lært å klare oss, og det gir en god indre styrke i å vite at man er god på noe. Foreldrene våre var til å stole på og de stolte på oss barna, dette er noe jeg setter stor pris på nå i voksen alder. De var veldig forsvarlige mennesker og det at de valgte å reise på ferie i 14 dager til Stryn, som tar tre dager en vei å reise. Mens, min bror som var 16 år og jeg som var 13 år tok oss av dyra på gården. Det sier noe om hvor stor ansvarsfølelse vi tenåringene hadde og at våre foreldre

Min salme

ved Anita Linda Pettersen Almskår

Nordnorsk julesalme

Tekst og melodi: Trygve Hoff

Velsigna du dag over fjordan

Velsigna du lys over land

Velsigna de evige ordan

Om håp og ei utrakt hand

Verg dette lille du gav oss

Den dagen du fløtta oss hit

Så vi kjenne du aldri vil la oss forkomme

I armod og slit

Vi levde med hua i handa

Men hadde så sterke tru

Og ett har vi visserlig sanna

Vi e hardhausa vi som du

Nå har vi den hardeste ria

Vi slit med å karre oss frem

Mot lyset og adventstida

D'e langt sør til Betlehem

Guds fred over fjellet og åsen

La det gro der vi bygge og bor

Guds fred over dyran på båsen

Og ei frossen og karrig jord

Du ser oss i mørketids landet

Du signe med evige ord

Husan og fjellet og vannet

Og folket som leve her nord

stolte på oss. De stolte på at vi kunne klare å melke disse 60 geitene morgen og kveld, passe på at melkesystemet ble vasket og pusset, passet på å gi dyrene kraftfor, følge dem til og fra beite hver dag, holde det ryddig og fint i fjøset og se til at alle dyra hadde det bra. Det gjør meg veldig stolt og takknemlig. Slik som at det var kjekt å få lære å kjøre traktor med forhøster og avles-servogn, det å stå i siloen. Det å få anerkjennelse, at man gjør noe bra er viktig å få med seg i livet. Slike opplevelser er med på å gi tro på at man kan klare andre ting. Å stå støtt i livet, robust, som en hardhaus.

I salmen blir lyset nevnt og det å stå på, jeg kjenner også på håpet og lengselen framover mot noe som er bedre enn akkurat nå. Det gir meg mange assosiasjoner og et minne som kan representere dette, er at Pappa og en nabo arbeidet i ca 20 år for å få tunell til bygda. Tunellen ble bygget og den er nok en stor grunn til at det enda bor folk på Unstad.

Det at foreldrene våre ikke brukte noe som helst i retning av rus, tror jeg var med på at jeg minnes julafaten som varmt, trygg og godt. Mamma var inne i huset og holdt på med å koke pinnekjøtt, potet,

kålrotstappe og damppepølse fra Nordfjord. Vi tre andre gikk i fjøset. Dyra var rolige og geitene skulle ha kje i januar, de var store og runde over magen så det var ingen melking. Alle sammen fikk høy å ete og man kunne høre den beroligende lyden av tyggingen av graset. Det var varmt og godt i fjøset og mens man jobbet, kostet og ryddet, gikk man og kjente på den gode spenningen for det som skulle komme med god julemat, lukten av jul i huset og selvsagt julegavene.

Tårene triller alltid når jeg hører Nordnorsk Julesalme. Det er mange, flest gode, barndomsminner som strømmer på fra da jeg vokste opp på Unstad i Lofoten. Og for meg er det naturen som representerer det religiøse, det storslårte, vakre og kjærligheten. Lengselen mot nord vil alltid være der og hver gang vi reiser nordover er det fantastisk å kjøre gjennom tunellen og se det nydelige lyset og synet av Unstad som varmer hjertene våre.

Anna Marie Skogli Vatnamo blir utfordra til å skrive "Min salme" i neste nummer.

Betania

Av Bente Irene Frøholm



Det var kyrkjehelg for funksjonshemma 27. og 28. januar. Det starta laurdag 27. januar i Betania og avslutta med gudsteneste i Olden kyrkje søndag. Mykje fin song og god stemning og representantar frå Nedstryn sokneråd diskar opp med julebrød, kaffi og kake.



Karnevalsgudsteneste i Nordsida kyrkje

Tekst: Maria Roset Sølvberg. Foto: Per Erik Ulvedal



«Kom som du er», song Nordsida barnegospel i eit av innslaga sine. Her er det plass til deg og bruk for deg, akkurat slik som du er. Med utkledningskle eller ikkje. Det skal vere ei gudsteneste for å feire livet, glede og mangfaldet. Gud er kjærleik, latter og humor. Ofte manglar både smil, latter og glede i ei gudsteneste. Kvifor? Gud har skapt heile mennesket, ikkje berre til å sitje i ro og lytte til presten, men til å le, synge, teikne, klappe og vere i røyrsle. Det skal vi ha tid og plass til i kyrkjerommet også. Med tanke på synkande besøkstal og slanke kyrkjelydar må kyrkja femne breiare. Det er kjekt å vere barnefamilie når familiegudstenesta er passeleg

lang, uformell, fargerik og variert. Ei meir inkluderande gudsteneste enn det vi fekk fastelavenssøndag 11. februar i Nordsida kyrkje, skal vi leite etter.

«Sammen kan vi bære; tro, håp og kjærighet, for jorda og hverandre, i fred og rettferdighet» song ukrainske Michaella i sin solo. Nordsida barnegospel er alltid eit kjærkome og varmt innslag i ei gudsteneste. Det er stas både for dei som opptrer og kyrkjelyden som får glede av å lytte til herleg Barnesong og ikkje minst sjå dei artige kostymekledd ungane ein slik dag. Vi kan bere håpet. Vi skal vere glade når vi kan vere glade; trass all vondskap

i verda. Karneval er fest og glede og vi må hugse på at «Det hjelper da litt, nokre få forfrosne at du er varm», som Halldis Moren Vesaas skreiv i «Tung tids tale», med eit innhald som dessverre kanskje er meir aktuelt enn nokon gong.

Lette songar og glade rytmer høyrer med til ei karnevalsgudsteneste. Cantai o senior, Eg er trygg hos deg og Hevenu shalom stod på salmelista denne dagen, og Oddvar Bergset leia oss lett og ledig gjennom songane på kyrkjeorgelet. Det var utdelinga av gåver til 2 og 3 åringane i kyrkjelyden. Dei på to år, fekk eit bilet av Jesus som den gode hyrde, måla av Magne W Kristiansen, og treåringane fekk ein cd og lovnad om ei bok som var litt forseinka i posten.

Hege Høibye snakka om den barmhjertige samaritan i preika si. Kyrkjelyden fekk spørsmål om kven vi forventar vil stoppe og hjelpe ein som treng hjelp? Både barn og vaksne hadde forslag om prest og organist, men ingen av dei hadde tid til å hjelpe. Det siste forslaget var ein lærar; som i dagens preike vart den mest barmhjertige.

Kyrkjelyden kunne delta på bønevandring og tenne lys i globen, teikne nesten sin, dekorere eit stort fastelavenstre med fjør i symboliske fargar og plante eit solsikkefrø i ein kopp til å ta med seg. Det vart ei variert og fin gudsteneste med eit mylder av aktivitetar. Kanskje solsikka kan bli eit symbol på nytt håp om fred i verda. Fastetida er ei tid for bøn og ettertanke. Konfirmantane kjem til å gå rundt med fastebøsser, men også på gudstenesta låg små fastebøsser klare til å ta med seg. For vi må hugse at «..Det heiter ikkje: eg - no lenger, heretter heiter det: vi. Eig du lykka, så er ho ikkje lenger berre di.»(Halldis Moren Vesaas). Å faste frå overfloda vår og dele både tid, pengar og omsorg med nesten er

noko av det fastetida handlar om. Etter gudstenesta vart ein pinata gått laus på. I katolsk kristendom representerer ein pinata dei sju dødssyndene. Kjeppen som blir brukt til å slå den sund med, skal symbolisere Guds styrke. Alle barna fekk prøve seg med eit slag før pinataen gjekk hol på og snopet rasa ut og utfordringane med å dele stod på prøve.

Å kunne få gå til eit dekka bord med herlege fastelavensbollar, kake, kaffi og saft etter gudstesta, gir rom for å bygge og ta vare på det gode fellesskapet vi har. Soknerådet gjorde, som alltid, ein god jobb med baking, kaffikoking

og ikkje minst oppvask og opprydding i etterkant. Ein god del arbeid; men du verden for ein viktig jobb eit sokneråd gjer for trivselen og for det å bygge ein kyrkjelyd. For mennesket lever også av brød.

Så neste gong kyrkja inviterer til karneval, kan det vere ein ide å legge fordumar til side og heller leite fram barnet i seg.

«Lat småbarna koma til meg, og hindra dei ikkje, for Guds rike høyer slike til»

(Lukas 18.16)

Tung tids tale

Det heiter ikkje: eg – no lenger.

Heretter heiter det: vi.

Eig du lykka så er ho ikkje lenger berre di.

Alt det som bror din kan ta imot av lykka di, må du gi.

Alt du kan løfte av børa til bror din, må du ta på deg.

Det er mange ikring deg som frys, ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Hender finn hender, herd stor herd,

barm slår varmt imot barm.

Det hjelper da litt, nokre få frosne at du er varm.

Dåp i Utvik søndag 4/2

Av Tanja Selbervik Hage



Det er ei stund sia sist det var barnedåp i Utvik og søndag 4 februar fekk vi vere med når lille Anea blei døypt.

Stolte foreldre Eilin Sunde og Tord Bruland, Utvik



Hjelmeland
BEGRAVELSESBYRÅ
Til hjelp i sorga sidan 1978

Bjørn Solvik Tone Lise Loen
Mariann Johansen Odd Kåre Hjelmeland

Vi er her
når de treng oss som mest,
og hjelper dykk med
å lage ei personleg, fin
og verdig gravferd.
Slik som de ønskjer.

905 50 905
www.hjelmeland.as

STRYN ENØK AS

TOSHIBA VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?
Eller service på den du har?
Ta kontakt, rask levering til rett pris

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no

Fjordferd
BEGRAVELSESBYRÅ

Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd
Stryn - Stad - Volda - Stranda - Fjord

Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -

Gravminne
Namne-
tilføyinger
Oppfrisking

Helene Austnes
★ 13-12-1948 † 4-1-2017
Guds nåde

EIDE STEIN AS
www.eidestein.no 712 99 250

Sofie A. Barøy
★ 13-6-1952 † 17-1-2021
Høyt elsket - Sæt saue

Ola Holmen
★ 22-6-1955 † 14-1-2017
Ewig kjærlighet

Joakim Berg
★ 10-8-1953 † 17-6-2021
Minnene lever

- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



~
Av
Oddny
Torheim
~



Oddny under open himmel

Takk for livet!



Året starta med skare snø, is og kule, krig ute i verda, øydelagde heimar, byar og landskap. Nyåret var som å starte på nytt med steg inni eit ukjent år. Året 2023 vart avslutta med takk. «Du krona året med dine gåver, spora dine flyt over av rikdom..»

Salme 65 v.12.

For tida lever vi på ein del av jorda med overflod.

Den sjuande dagen på nyåret var det gudsteneste i kyrkja vår. Presten opna skattekista si. Ei lykt kom fram med ei lysande lekkje inni. Vi var i Guds hus.

«Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min sti». Salme 119 v. 105.

Kyrkja var varm med tente lys i glaskarmane. Det fine juletreet stod der med sine lys og sitt pynt. Lysgloben stod framme med eit brennande Kristuslys i midten. Rundt stod mange utente lys. Salmen «Kristus er verdens lys. Han og ingen annan» vart brukt før og etter tekstlesingane.

I kyrkja sat familiar i sorg. Der sat eg og. Sterke minne kom fram i tankane. Vi skulle minnast dei som døydde i året 2023. I stilla gjekk tankane tilbake til gravferdsdagen, til dødsdagen, til sjukdomen og så vidare. Sorga og tomrommet er ikkje over etter veker eller månader. Namn vart opplesne, og eit lys vart kveikt. Snart brann seks lys. Så kom eit til. Det var for dei som var borre, slekt eller vener som budde i ei anna bygd eller by.

Fleire lys vart kveikte ved forbønene og ved nattverden. Ein heil lyskrans vart kveikt.

Alt var godt førebudd og gjennomført. TAKK TIL TILSETTE, SOKNERÅD OG FRIVILLIGE!

På veg ut måtte eg stanse på trappa og sjå dei brennande lysa i to lykter som stod der, seks kraftige rauda lys. Dei lyste utover kyrkje-garden mot dei seks nye gravene. Eit songvers tonte:

«Du har lovet å være til stede,
for å dele vår sorg og glede.
Gi oss vilje og mot til å leve,
Herre som barn i ditt hus.»

Ei setning har vore i tankane mine lenge: TAKK FOR LIVET! Så det vart overskrifta denne gongen.

På adventsmøtet fortalte eg om Frans med kallenamnet «Lusefrans». Har du hørt om han? Han var ein original i Bergen. Han hadde sjølv førebudd gravferda si. Han hadde tinga ein krans og på sløyfa stod: Takk for livet!

Påskehelga kjem svært tidleg i år. Etter kvart ser eg påska som eit framhald av jula. Eg har leita fram ei gamal «Bibelsoge» som var i bruk i skulen for lenge sidan. Du kor enkelt og greitt hendingane på palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskemorgonen var fortalt der. Alt dette hende for meg og menneskeslekta.

Kristus har vunne over døden.

GOD PÅSKE!

Kyrkjestatistikk Stryn og Hornindal 2023

	Olden m/Ljosheim		Utvik		Innvik		Sum	
	2022	2023	2022	2023	2022	2023	2022	2023
Døypete	8	10	4	0	2	3	14	13
Konfirmerte	5	9	2	2	6	9	13	20
Vigsle	5	6	3	0	1	0	9	6
Gravferder	16	19	4	6	2	6	22	31
Gudstenester	28	26	16	13	18	15	62	54
Deltakarar ved gudstenester	2085	1865	803	689	969	857	3857	3411
Gudstenester med nattverd	9	10	5	5	8	7	22	22
Nattverdgjester	315	346	93	71	201	133	609	550
Takkoffer/kollekt	63358	77101	45923	37237	27736	30014	137017	144352
Fasteaksjonen	21995	23361	19433	14427	13617	14485	55045	52273
Oppstryn		Nedstryn		Loen		Sum		
	2022	2023	2022	2023	2022	2023	2022	2023
Døypete	6	5	21	11	12	7	39	23
Konfirmerte	6	6	34	30	9	8	49	44
Vigsle	3	0	8	12	8	2	19	14
Gravferder	5	10	20	16	3	6	28	32
Gudstenester	16	19	41	49	20	16	77	84
Deltakarar ved gudstenester	563	875	4711	4463	1303	974	6577	6312
Gudstenester med nattverd	7	12	25	32	10	6	42	50
Nattverdgjester	108	206	574	697	153	141	835	1044
Takkoffer/kollekt	17459	32780	77206	38972	37985	22144	132650	93896
Fasteaksjonen	11054	15317	54754	50705	12909	9966	78717	75988
Nordsida		Randabygd		Sum				
	2022	2023	2022	2023	2022	2023		
Døypete	4	4	1	4	5	8		
Konfirmerte	8	4	4	2	12	6		
Vigsle	0	1	2	0	2	1		
Gravferder	1	6	4	4	5	10		
Gudstenester	21	23	10	12	31	35		
Deltakarar ved gudstenester.	1500	1210	429	367	1929	1577		
Gudstenester med nattverd	9	12	4	4	13	16		
Nattverdgjester	313	320	60	35	373	355		
Takkoffer/kollekt	68060	53334	10142	9000	78202	62334		
Fasteaksjonen	22586	23226	6110	2850	162458	26076		
Totalt heile Stryn								
	2022	2023						
Døypete	72	44						
Konfirmerte	87	70						
Vigsle	30	21						
Gravferder	71	73						
Gudstenester	192	173						
Deltakarar ved gudstenester.	13756	11300						
Gudstenester med nattverd	88	88						
Nattverdgjester	1995	1949						
Takkoffer/kollekt	389807	300582						
Fasteaksjonen	176677	154337						

	Hornindal	
	2022	2023
Døypete	14	11
Konfirmerte	13	13
Vigsle	0	4
Gravferder	11	15
Gudstenester	22	22
Deltakarar ved gudstenester.	1393	1579
Gudstenester med nattverd	11	11
Nattverdgjester	178	193
Takkoffer/kollekt	41938	43828
Fasteaksjonen	14219	10044



Slekt
skal følgje
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Nordsida

Døypte:

26.12. Morten Flo Nygård. For. Ida Flo og Håvard Nygård

Døde:

03.02. Jenny Kullsveen f. 1939
07.02. Ragnhild Petra Berge Sollid f. 1945

Randabygda

Døypte:

26.12. Selma Aaland. For. Anna Hofseth og Kenneth Gjetøy Aaland

Døde:

01.12. Bjarne Oddvar Skrede f. 1955

Hornindal

Døypte:

26.11. Lucas Haugen. For. Beate Lillestøl Haugen og Stian Kristoffer Haugen
07.01. Mathilde Egge Kongsjord. For. Martine Kongsjord og Fredrick Eimstad Egge

Døde:

31.10. Margit Øen f. 1928
30.10. Mattias Rasmus Grodås f. 1952
28.11. Roald Magnus Ytrehorn f. 1934
12.12. Norunn Petra Holen f. 1928
30.12. Aashild Olga Oppheim f. 1940
01.01. Ingrid Ingebjørg Bruheim f. 1930
03.01. Ragnar Kirkhorn f. 1926
07.01. Bjørg Lødemel f. 1936
20.01. Oddvin Kåre Navelsaker f. 1947
21.01. Ragnhild Espe f. 1930
09.02. Malvin Audun Kirkhorn f. 1934

Nedstryn

Døypte:

03.12. Nikoline Grøneng Myrvang. For. Elisabeth Myrvang og Henry Valvik Grøneng
28.01. Magnus Løvall Sølvberg. For. Kristin Løvall og Andreas Blø Sølvberg

Vigde:

30.11. Marita Blø Sølvberg og Christian Anders Vinsrygg
14.02. Elin Perdy Aarseth og Christian Åm
14.02. Gunnbjørg Tufte og Hans Inge Lien Vereide
14.02. Berit Sæterlid og Jonfinn Hole

Døde:

30.10. Klara Dagny Meland f. 1928
05.11. Jørn Rake f. 1993
15.12. Røgnvaldur Tor Gunnarsson f. 1991
09.01. Kristi Lyslo Kristiansen f. 1932
14.01. Astrid Fure f. 1937
17.01. Aage Kristiansen f. 1932
18.01. Kjellaug Randi Skogtun Myrhaug f. 1943
27.01. Rolf Per Spjelkavik f. 1954

Olden

Døypte:

04.11. Selma Kvamme. For. Annlaug og Bendik Kvamme
28.01. Berge Løken Sæten. For. Malin Baade Løken og Casper Krogh Sæten

Døde:

21.11. Harald Vangberg f. 1937
06.12. Jorunn Sunde f. 1930

Oppstryn

Døypte:

21.01. Martine Nesje Grov. For. Kristine Nesje og Thomas Bjerkenås Grov
21.01. Johanne Greidung Flister. For. Hildegunn Greidung og Lars Inge Flister
18.02. Thale Fredrikke Nordnæs-Enerhaug. For. Guro Petronella Andersdotter Nordnæs-Enerhaug og Kyrre Johan Andersson Nordnæs-Enerhaug

Døde:

11.11. Håkon Berstad f. 1923
11.12. Lars Greidung f. 1929
12.12. Pernille Åsvoll f. 1932
13.12. Idun Folven f. 1928

Loen

Døypte:

12.11. Liam Grande Gardshaug. For. Marte Hye Gardshaug og Christopher Grande Viem

Innvik

Døypte:

26.12. Martine Presthus Engesæt. For. Mona Presthus og Terje Engesæt

Døde:

12.12. Ivar Skåden f. 1938
28.12. Terje Vanberg f. 1944

Utvik

Døypte:

04.02. Anea Sunde Bruland. For. Eileen Sunde Haugen og Tord Bruland

Døde:

09.11. Oddvar Frøyset f. 1946
17.12. Margunn Hage f. 1939

Vi les


Bibel saman!



Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Jesus viser seg for disiplane

av Beate Nes



Jesus viste seg for disiplane fleire gongar etter at han stod opp frå dei døde. No skal vi få høre om den eine gongen da disiplane trudde dei såg eit spøkjelse.

Disipline hadde stengt seg inne på eit lite rom sidan dei var redde for at dei religjøse leiarane skulle sende soldatar etter dei for å arrestere dem. Plutseleg viste Jesus seg for dei og han sa fred vere med dykk. Dei trudde det var eit spøkjelse, men Jesus sa «kvifor er dokke redde? Det er meg Jesus, sjå og kjenn på såra i hendene og føtene mine at det verkeleg er meg. Då vart disipline veldig glade.

Til samtale

Jesus viste seg på andre stader for disiplane etter dette, men korleis trur du det hadde vore å sitje saman med disipline da Jesus plutseleg viste seg?



Barnas



Prikk til prikk



Per hadde fått nye briller, og mor hans spurde han:
– Ser du bra med dei nye brillene, Per?
– Ja, pappa!


Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn fem feil




Her viser Jesus seg etter at han døde og stod opp att. Dei to biletene nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet under?

Kryssord

1.	<input type="text"/>	Bygning i Apostelgjerningane 15,16
2.	<input type="text"/>	Konge i Matteus 2,3
3.	<input type="text"/>	Dyr i Matteus 21,2
4.	<input type="text"/>	By i Apostelgjerningane 18,1
5.	<input type="text"/>	Konge i Romarane 4,6
6.	<input type="text"/>	By i Lukas 7,11
7.	<input type="text"/>	Stilna i Matteus 14,32
8.	<input type="text"/>	Kvinne i Johannes 20,11


Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.



Teikning: Faye Simms



Søndagsskolen – mer enn du tror



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avis "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på facebook: **Kyrkje i Indre Nordfjord**
Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

24. mars; Palmesøndag - Matt 26, 6-13

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Palmesøndagsgudsteneste / familiegudssteneste med heile påskefortellinga.
- Ljosheim 19:30 Kveldsgudsteneste

28. mars; Skjærtorsdag - Luk 22, 14-23

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Bøasætra, Stryn 12:00 Friluftsgudsteneste.
- Bruasætra, Hornindal 12:00 Friluftsgudsteneste
- Nordsida 19:00 Kveldsgudsteneste
- Oppstryn 20:00 Kveldsgudsteneste

29. mars; Langfredag – Mark 14, 26-51,37

- Nedstryne 11:00 Pasjonsgudsteneste
- Olden 19:30 Pasjonsgudsteneste

30. mars; Påskennatt / Otteson – Rom 6, 3-11 / Mark 16, 1-8

- Nedstryne 23:00 Påskennattgudsteneste

31. mars; Påskedag - Matt 28, 1-10

- Nedstryne 11:00 Høgtidsgudsteneste / påskefest
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Nordsida 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste / påskefest
- Randabygd 14:00 Høgtidsgudsteneste

01. april; 2. påskedag - Luk 24, 36-45

- Loen 18:00 Kveldsgudsteneste / Salmekveld

02. april; tysdag

- Nedstryne 09:00 Morganmesse

07. april; 2 søndag i påsketida - Joh 21, 15-19

- Nedstryne 11:00 Gudsteneste.

14. april; 3. søndag i påsketida - Joh 10, 1-10

- Nordsida 11:00 Gudsteneste.

21. april; 4. søndag i påsketida - Joh 13, 30-35

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste. Tårnagentane er med
- Stryn kulturhus 18:00 Samtalegudsteneste

28. april; 5. søndag i påsketida - Luk 13, 18-21

- Nedstryne 11:00 Gudsteneste
- Solvang, Olden 13:00 Gudsteneste og årsmøte
- Utvik 18:00 Kveldsgudsteneste

04. mai; laurdag

- Nedstryne 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste
- Olden 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste
- Loen 13:00 Konfirmasjonsgudsteneste

05. mai; 6. søndag i påsketida - Matt 7, 7-12

- Hornindal 11:00 Gudsteneste

07. mai; tysdag

- Nedstryne 09:00 Morganmesse

09. mai; Kristi himmelfartsdag – Luk 24, 46-53

- Oppstryn 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste
- Utvik 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste
- Nordsida 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste

11. mai; laurdag

- Nedstryne 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste
- Randabygd 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste
- Innvik 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste
- Nedstryne 13:00 Konfirmasjonsgudsteneste

12. mai; søndag før pinse – Joh 3, 16-21

- Nedstryne 11:00 Gudsteneste

17. mai; Grunnlovsdag – Matt 22, 17-22

- Nedstryne 09:30 Festgudsteneste
- Nordsida 10:30 Festgudsteneste
- Oppstryn 11:00 Festgudsteneste
- Olden gamle kyrkle 11:00 Festgudsteneste
- Innvik 11:30 Festgudsteneste
- Randabygd 12:00 Festgudsteneste
- Hornindal 12:15 Festgudsteneste
- Loen 13:00 Festgudsteneste

19. mai; Pinsedag – Joh 14 15-21

- Nedstryne 11:00 Høgtidsgudsteneste / pinsefest
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste / pinsefest

20. mai; 2. pinsedag – Joh 6, 44-47

- Bergsetnaustet, Nordsida 12:00 Naustmesse

26. mai; Treeiningssøndag - Luk 10, 21-24

- Ljosheim 11:00 Gudsteneste.

02. juni; 2. søndag i treeiningstida – Joh 3, 26-30

- Myklebuststøylen, Utvik 11:00 Friluftsgudsteneste

04. juni; tysdag

- Nedstryn 09:00 Morganmesse

09. juni; 3. søndag i treeiningstida – Joh 1, 35-51

- Innvik 11:00 Gudsteneste

16. juni; 4. søndag i treeiningstida – Matt 7, 21-29

- Holmetun, Loen 11:00 Friluftsgudsteneste

- Kvalen, Randabygd 14:00 Friluftsgudsteneste

23. juni; 5. søndag i treeiningstida – Matt 11, 7-14

- Sundshaugen, Olden 11:00 Friluftsgudsteneste. Ved Knut Gjengedal

- Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye


- Hornindal 11:00 Gudsteneste. Evt. Friluftsgudsteneste på Kirkhornsætra

30. juni; Aposteldagen – Matt 16, 13-20

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

07. juli; 7. søndag i treeiningstida – Luk 19, 1-10

- Selja, Selje 12:00 Seljumannamesse

**1. april: 50 års jubileumsfest**

Kl. 11.00: Gudstenestleg møte

Kl. 13.00: Festmiddag. Kr 300,-. Påmelding

Kl. 15.00: Jubileumsfest m/kaffi og kaker

Innnvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS

6793 Innnvik, tlf. 57 87 49 90.

e-post: post@innvikfjordhotell.no

www.innnvikfjordhotell.no



Informasjon/ Fulldistribusjon

Returadresse: Rognehaugen 11, 6783 Stryn



Desse ubrukte skispora i løypene rundt hytta gav meg ein del tankar. Spora var nye og reine, utan skitt og smuss. Kvar einaste dag får vi starte på nytt. Skitten og det ureine frå i går er utsletta, det gale vi har gjort er tilgitt. Ny nåde kvar dag. Gud gjev oss heile tida nye sjansar. Det er opp til oss kva vi gjer med dei sjanske. Vi kan velje å gå i dei spora Han har lagt framfor oss, eller vi kan velje vår eigen veg utanom spora

God påske!

Neste nummer får du i posten rundt 19. Juni. Redaktør vert Jarle Hessevik.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: jarle.hessevik@enivest.net innan 17. Mai.